



Advokatfirmaet Thommessen AS
Postboks 1484 Vika
0116 OSLO

Deres ref.:

Vår ref.:
20/2631 - 2 / MELABJ

Vedtaksdato:
25.02.2020 209/20

Godkjenning av søknad om konsesjon GBNR 6/3, 7/4, 7/5, 229/7, 230/3, 231/45 og 232/5 i Alver

Administrativt vedtak. Saknr: 209/20

Bakgrunn for saken:

Norwegian Preservering kraftverk As søker konsesjon på overtaking av GBNR 6/3, 7/4, 7/5, 229/7, 230/3, 231/45 og 232/5 i Alver.

Konsesjonsvedtaket vert matrikkelført i kommunen, og søker vil motta melding når dette er gjort.

Vedtak:

"Alver kommune gjev med heimel i konsesjonslova §§ 1, 2, 3 konsesjon til Norwegian Preservering kraftverk As med org nr 923 233 539 for av fallrettar med GBNR 6/3, 7/4, 7/5, 229/7, 230/3, 231/45 og 232/5 i Alver. Den avtala kjøpesummen er på kr. 0

Grunngjevinga for vedtaket går fram av saksutgreiinga over."

Saksutredning:

Faktiske opplysninger:

Norwegian preservering kraftverk As søker konsesjon på overtaking av fallrettane på GBNR 6/3, 7/4, 7/5, 229/7, 230/3, 231/45 og 232/5 i Alver. Overdragar er Norwegian Preserving Co As og dette selskapet har fisjonert. Det er fallrettar som vert overdregen og det føl ikkje anna areal med.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 13207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

I konsesjonslova er overdraging av rettar likestilt med fast eigedom, og denne overdraginga er difor konsesjonspliktig.

Saka vert handsama og avgjort etter delegert mynde frå rådmannen. Konsesjon skal gjevast med mindre det er sakleg grunn til å avslå.

Overdraginga gjeld fallrettane som er knytt til Husdalsvatnet, og som tidlegare er frådelt gardsbruka ved skyldskifte i 1947. Det er ikkje knytt areal til rettane, men dei er knytt til kross i fjell ved demning i sørenden av Husdalsvatnet.

Planstatus: Konsesjonsbruket ligg i eit område som i kommuneplanen sin arealdel er lagt ut til LNF-område (landbruk-, natur- og friluftsområde)

Vurderinger:

Søknaden har vore vurdert etter konsesjonslova §§ 1, 2 og 3 og rundskriv M-2/2017 konsesjon og buplikt.

Konsesjonslova § 1 har som føremål å regulere og kontrollere omsetjinga av fast eigedom for å oppnå eit effektivt vern om produksjonsareala i landbruket og slike eigar- og brukstilhøve som er mest gagnlege for samfunnet, mellom anna for å tilgodesjå landbruksnæringa, ei samfunnsmessig forsvarleg prisutvikling når det gjeld fast eigedom, og omsynet til busetjinga.

Formålet til Norwegian Preservering kraftverk AS er drift og vedlikehold av vannkraftverk, produksjon av elektrisk kraft og alt det som naturleg høyrer inn under dette. I og med at dette er ein fisjon av selskap ser ikkje rådmannen at det er noko endring av bruken av fallrettane i høve til tidlegare.

Rådmannen har vurdert søknaden i høve til dei føremål som konsesjonslova skal ivareta og kan ikkje sjå at overdraginga er i strid med dette.

Oppsummering – konklusjon:

Rådmannen vil etter ei samla vurdering gje konsesjon som omsøkt.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med hilsen

Laila Bjørge
Rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Mottakere:

Advokatfirmaet Thommessen Postboks 1484 Vika
AS

0116

OSLO